



ÅRSMELDING FOR FRILUFTSFORENINGA VOLDA - 2025

1. Styret

Leiar: Runa Bakke

Nestleiar: Therese Moltudal

Kasserar: Bjørg Flø

Styremedlem: Sonja Håvik

Styremedlem: Cecilie Åmås

1.vara: Eli-Mette Lüthcke

2.vara: Mona Kile

Det har blitt halde to styremøte. I tillegg har styret hatt jamn kontakt på styret si eiga facebookgruppe.

Valnemnd:

Aud Fagervoll

Sylvi Fossheim

Forretningsfører:

SpareBank1 Regnskapshuset SMN

Årsmøte:

I følgje vedtektene skal ein avvikle årsmøte innan 31.mars.

2. Medlemar

Talet på familiemedlemskap var 65 pr. 31.12.25. Sidan vi har familiemedlemskap er det reelle medlemstalet i alle fall dobbelt så høgt.

3. Aktivitetar

Alle aktivitetane under, er omtala på [heimesida](#).

Mandagsturar

I år prøvde vi å ikkje sette opp fast turprogram, men avgjere turmål om lag ei veke i forkant basert på vêrmeldingane. Det er høgst usikkert kor vellukka dette har vore, så komande sesong går vi tilbake til turprogram med oppsette turar.

På grunn av arbeid i Selvågtunnelen, vart det få turar på ytre Søre Sunnmøre denne sesongen, og dermed litt avgrensing i val av turmål.

Vi har hatt 14 turar fordelt på desse kommunane: 10 turar i Volda, tre i Ørsta og ein i Herøy. Totalt har 25 personar vore med på turane, og i snitt har det vore med knapt fem på kvar tur. Flest var med på turane til Bjørnesethornet, Hallehornet, Fyrdsheida og Tua frå Eidheim (7).

Naturfestivalen

DNT Sunnmøre vart i 2025 ny drivar av Naturfestivalen. Festivalen vart arrangert frå 9.-17. august, med eit variert program

Friluftsforeninga hadde ansvar for to turar: Fyrdsheida (mandagstur) og Snøhornet på Lauvstad. Det var god deltaking til tross for litt varierende ver, og turdeltakarane kom langvegs i frå.

Onsdagsturar

På årsmøtet i 2024 kom det inn forslag om å ha eit alternativ til mandagsturane. Litt kortare turar og gjerne ikkje med så lang reiseveg.

Det vart arrangert fem turar, med varierende deltaking. Dette er likevel noko vi ønsker å halde fram med i 2026.

Dameskikveldar

2025 opna lovande med ein fantastisk skikveld i puddersnø og med godt oppmøte. Men det vart med denne eine kvelden. Snøsesongen var særst dårleg. Uansett, takk til Volda skisenter for godt samarbeid!

Haustattur

Vi kom altfor seint i gang med planlegging av haustattur, så vi valgte å avlyse den i år, eller rettare: utsette den til 2026.

StikkUT!

Også i 2025 har Friluftsforeninga Volda (FFV) hatt samarbeid med Volda kommune og friluftsråda om StikkUT! Det har vore både StikkUT! vinter, StikkUT! ski og sommar-StikkUT! Medlemar har hjelpt til med å få ut kodelappar og skilt.

Turdatabasen som tidlegare låg i morotur, ligg no i Stikk UT!

Turstiar: merking, rydding og tilrettelegging

Arbeidet har halde fram også i 2025. Det er no mykje supplerande skilting (erstatte øydelagde skilt, supplere der det manglar) som blir gjort, men også noko nymerking.

Kloppane som valfagklasse på ungdomsskulen bar ut i terrenget i 2024 vart ikkje «finjustert». Dette arbeidet må takast opp att i 2026.

I september 2024 kontakta Friluftsforeninga Volda kommune for å få ei formalisering/forankring av arbeidet med merking og rydding, jf. friluftsløva § 35. Saka vart politisk handsama i 13.02.2025. [Les saka her](#)

Voldadagen

Vi hadde stand på Voldadagen den 20. september, med heilt ny roll-up. Mange var innom standen. Ein kjekk dag.

4. Heimeside/sosiale medium

FFV har hatt heimeside sidan 2006. Namnet på sida er www.friluftsforeninga.no.

Facebook:

Grupper: *Friluftsforeninga Volda*, *Friluftsforeningas Barneturlag* og *StikkUT!*
Friluftsforeninga Volda har grupper på facebook (fb). Det er jamn auke i talet på medlemmar i desse gruppene. Sida [Friluftsforeningas barneturlag](#), har blitt endra til [Friluftsforeninga Volda](#).

FFV har konto på **Instagram** med om lag 500 følgjarar.

Facebook (fb) og Instagram er viktige informasjonskanalar for aktivitetane våre. Vi brukar også fb til å informere om andre arrangement som vi trur kan vere interessante for følgjarane våre.

Vi har også ein **X-konto** som er lite i bruk og som kan slettast.

5. Økonomi

Økonomien i laget er god.

Magne Haugens minnefond:

Årsmøtet 2019 vedtok at enkeltsøknadar på over kr. 250.00 skal handsamast av årsmøtet, og årsmøtet 2020 vedtok at styret kan tildele inntil kr. 300.000 pr. år.

Vi fekk inn 18 søknadar. Ein søknad med søknadsbeløp på kr. 500.000, må handsamast av årsmøtet i mars 2026.

Det vart gjort slik tildeling i 2025:

Ørsta skisenter	2025	Akebakke	30 000
Dokumentarfilmfestivalen	2025	Utekino (brukt berre ein liten del av beløpet)	30 000
Skorgeura grendalag	2025	Støtte til gapahuk	50 000
VTI langrenn og skiskyting	2025	Skileikanlegg	300 000
VTI fotball	2025	Fotballmål (banene blir mykje brukt i uorganisert aktivitet)	67 800
Velforening Engeset/Klepp	2025	gapahuk	50 000

Total tildeling i 2025 var kr. 527 800

Gåvemidler

Det har ikkje blitt søkt om gåvemidler i 2025

6. Oppsummering/vurdering

Kjerneaktivitetane er framleis mandagsturar, skidamer, hausttur og StikkUT!-samarbeid med kommunen.

I tillegg er tilrettelegging for friluftsliv viktig. Dette gjeld til dømes merking, skilting og klopping av stiar og turområde, stirydding. Dette bør vere ei satsing for FFV framover, saman med andre lag og organisasjonar i kommunen, og i samarbeid med Volda kommune.

Styret i Friluftsforeninga Volda, 15.03.2025

Runa Bakke
leiar

Therese Moltudal
nestleiar

Bjørg Flø
kasserar

Cecilie Åmås
styremedlem

Sonja Håvik
styremedlem

Styret har godkjent årsmeldinga